

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 20.08.2025

Vår ref.: 202506002-3 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.: PRSHKP

Høyring av førespurnad om vurdering av konsesjonsplikt for Insteelvane kraftverk i Bremanger kommune, Vestland fylke

NVE har fått ein førespurnad frå Firdakraft AS om vurdering av konsesjonsplikt for Insteelvane kraftverk. Førespurnaden blir no send på høyring med høyringsfrist 02.10.2025.

Etter NVE si vurdering er ikkje saka så omfattande at det krevst kunngjering og brei offentleg høyring. Førespurnaden om vurdering av konsesjonsplikt blir derfor berre send på høyring til Bremanger kommune, Gloppen kommune, Vestland fylkeskommune og Statsforvaltaren i Vestland.

Om tiltaket

NVE har fått ein førespurnad frå Firdakraft AS, datert 03.03.2025, om vurdering av konsesjonsplikt for Insteelvane kraftverk. Insteelva og Kringsjøvatnet vart på 1960-talet overført til Bjørndalsvatn gjennom ein felles overføringstunnel. Fallet frå inntaket i Insteelva til Store Øksendalsvatn er no planlagt utnytta gjennom bygginga av Insteelvane kraftverk. Det er planlagt å etablere ny sperredam (maks høgde 2 m og lengde 70) nedstraums inntaket, og oppdemt volum er anslått til ca. 5 500 m³. Ny vassveg er planlagt kobla på eksisterande overføringstunnel aust for dam ved Bjørndalsvatn. Kraftstasjonen er planlagt like ved dagens Bjørndalen kraftstasjon, og ny tilkomstveg etablerast frå den. Det nye kraftverket vil få ein installert på 8,7 MW, og kraftproduksjonen blir i snitt på 13,1 GWh per år.

Førespurnaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/9618/V.

NVE skal på bakgrunn av førespurnaden vurdere om tiltaket gir skade og ulempe av slik betydning for allmenne interesser at det oppstår konsesjonsplikt etter vassdragslovgevinga.

Kva ønskjer vi fråsegn om?

NVE ønskjer tilbakemelding på om kjende allmenne interesser blir ramma av tiltaket, som til dømes friluftslivsinteresser, kulturminne, verdifulle naturtypar, raudlista artar og



informasjon om vilt. Vi ønskjer også informasjon om planstatus, status i forhold til vassforskrifta, eksisterande vassuttak eller andre aktivitetar i vassdraget. Vi ønskjer også tilbakemelding dersom de meiner det er andre interessentar som bør få høve til å uttale seg.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/9618/v)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202506002 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)
- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202506002 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er **02.10.2025**.

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Er høyringsfråsegna lang, oppmodar NVE høyringspartane til sjølv å skrive ein kortfatta konklusjon eller samandrag. Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument blir lagde ut på NVE sine nettsider.

Med helsing

Magnus Elton Veflen
Seniorrådgiver

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

BREMANGER KOMMUNE
GLOPPEN KOMMUNE
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Kopimottakarliste:

FIRDAKRAFT AS
SFE PRODUKSJON AS